

lørdag

ROMSDALS BUDSTIKKE Lørdag 12. oktober 2013

Frå arkivet | 24
Skråblikk | 25
Min jobb | 26 - 27
Kortreist | 34 - 35
Kryssord | 37

Store-Rasmus var bondehøvdingen frå Harøya som utfordra korrupsjon. Til slutt vart han knekt av makteliten, og enda sitt liv som livstidsslave på Akerhus slott. Forfattaren Øystein Orten har gått i fotefara etter Store-Rasmus.

side 28-33

Opprøraren

FOTO: SVEIN MAGNE HARNES

Jakta på opprørar

Myklebust på Harøya 1662: Bondeopprøraren Rasmus Engelbrektson Myklebust blir ført i jarn til Akershus slott som tukthusfange. Folk gret, medan futane gnir seg i hendene. Alderen gjer at han så vidt slepp unna øksa - men han kjem aldri meir heim att.



Frodig: Under Harøyburet fann Store-Rasmus ein egedom der han kunne hauste både av jord og hav og samstundes arbeide som los, peikar forfattaren Øystein Orten.

HARØYA: – Rasmus var ein ekte nordvest-landsk patriot som folk på våre kantar kan vere stolte av, sier forfattaren Øystein Orten, med røter frå Sandøy kommune. Han gjev no ut boka «Rasmus Rebellen», ein historisk roman lagt til Myklebust på 1600-talet.

– Rasmus Engelbrektson Myklebust (1588-1666), eller Store-Rasmus, som han

vart kalla, var ein forkjempar for sosial rettferd. Han stilte seg på fattigfolk si side og meinte at småkårsfolk sine rettar fortente å bli høyrte og respektert. Han kjempa også ihuga mot ein utbreidd korrupsjon mellom embetsmenn og borgarskap. Så gjekk han heller ikkje av vegen for å skaffe seg sjølv fordelar, dersom det fall seg slik.

– Store-Rasmus sitt sterke engasjement på vegner av allmugen førte faktisk til at kong Christian 4. vart tvungen til å setje ned ein kommisjon; Bjelke-kommisjonen (1632), for å granske vanstyret mellom futar og andre embetsmenn. Dette førte til at 8 futar vart avsette og nye føresegner som skulle hindre misbruk. Rasmus fekk til reelle reformer. Kanskje

kan vi kalle han ein av våre første fylkespolitikarar, seier Orten.

Kjempa for vanlege folk. Rasmus Engelbrektson Myklebust var truleg fødd på Søre Vartdal i Ørsta. Han kom frå ein velstående familie. Som ung mann var han 4-5 år i orlogsteneste, i Danmark eller Holland. Kanskje var han også i sjøkrigs-

en Store-Rasmus



, som har skrive bok om Rasmus.

FOTO: SVEIN MAGNE HARNES

teneste under Kalmarkrigen (1611-13).

Han kom heim att i 1614, gifte seg og kjøpte etter kvart to gardar på Myklebust på Harøya, som han slo saman til garden Haug(-en). Som dei fleste gardane i området låg den under Giskegodset. Her dreiv Rasmus jorda, rodde fisket og konkurrerte om losverksemd.

Men etter jamt godt fiske og gode åringar først på 1600-talet, vart det på 1630-talet vanskelegare tider: fleire år på rad svikta avlingane, fisket slo feil og armoda greip om seg. Samstundes tynga dei danske styremaktene allmugen med stadig høgre skattar for å finansiere krigane sine. Lensherrar og futar dreiv inn skuldene på brutalt vis. Gardar blei pantsett og folket

svalt.

Det var i denne situasjonen Store-Rasmus sitt sosiale samvit vart vakt. Han tok til seg pleieborn frå vanskelegstilte familiar og han hjelpte folk med å betale skattar og skulder. Samtidig skreiv han klagemål til styresmaktene om dei mange urettane og han følgde opp dette under dei årlege tingsamlingane. Slik

vart han ein omtykt mann i heile området, men hata av embedsmennene.

Mistrudd embetsstand.

– Ungdomsåra i utlandet hadde han truleg nytta til å skaffe seg kunnskapar innan lesing, skrivning og rekning. I tillegg var han blitt ein dyktig sjømann. ►►►



1660: Mathias Kjartan Haugen viser inskripsjonen på takbjelken på gamlehuset på Haugen på Myklebust. ANNO MDCLX står det (1660). – Kanskje er det Store-Rasmus sjølv som har rissa inn dette, spør Haugen.



Sverige: Frå 1658–1660 gjekk riksgrensa mellom Sverige og Danmark–Noreg over Harøya, viser forfattaren Øystein Orten. – For bondeføraren Store-Rasmus vart det ei viktig sak å få slutt på svenskestyret, seier forfattaren Øystein Orten.



Lensherre: Ove Bjelke var lensherre og sidan stiftsbe-falingsmann på Bergenhus frå 1648–1666.



HAUGEN: Garden Haug(–en) ligg i ly av Harøyburet, men ope mot storhavet frå sørvest. Her busette Store-Rasmus seg i 1614.



No nytta han desse evnene til beste for vanlege folk i området, fortel Øystein Orten:

– Han var vel kjent med kor embetsstanden var mistrudd mellom vanlege folk, og sjølv tok han til å føre rekneskap og oversikt over kva skattar og skulder dei lokale futane kravde inn. Slik fekk han raskt eit inntrykk av at mange utnytta stillingane sine og gjorde seg svært rike på ulovleg vis. Dette la han ope fram i alle mulige samanhengar. Dei som hadde makta hadde god grunn til å frykte ein slik mann.


Store-Rasmus var ustanselig på farten:

med jekta si var han ut og inn fjordane på Sunnmøre og i Romsdal. Han dreiv handel i stor stil i Bergen og han reiste fire gonger til København for å møte kongen med klageskriv om korleis allmugen vart sugen ut av futane. Klagebrev fra allmugen utforma han sjølv, og det var dette som felte han – for kongen hadde befalt at slik skriv berre skulle gå gjennom embetsmennene. Han var illojal. Rasmus var også lagrettemann, og dermed var han folket sin talsperson på dei årlege tinga, som vart haldne rundt om i futedømmet.

Kraftnatur. – Ertetida teiknar eit samansett bilde av denne ruvende skapnaden, meiner Øystein Orten: – Samstundes som han førte fram vanlege folk sine klagemål og kjempa for rettferd og mot utnytting, var han sjølv ein driven businessmann: Han var god til å kare til seg, vart skulda for å sko seg sjølv økonomisk og rota seg stadig inn i rettssaker om handelsspørsmål og økonomi.

– Store-Rasmus var nok ein kraftnatur. Ein som tok store sjansar. Han gjekk ikkje av vegen for ein konflikt. Men engasjementet hans gav han mektige og

farlege fiendar og han måtte vite at han sette livet på spel. Rasmus hamna i ein årelang og opprivande strid med Giske-gods-futen, Henning Hansen Smit og kongens fut, Niels Knag. Desse la Rasmus for hat. I 1656 rei han på hesteryggen opp Romsdalen på veg til herremøte i Christiania. Han møtte på vegner av allmugen for å legge fram for kongen ein supplikasjon; eit klagemål mot futane. Men i staden var det han som vart klaga av dei same futane han til dagleg kjempa imot. Det toppa seg då futane i samråd med statthaldar Nils Trolle fekk Store-Rasmus dømd som oppviglar. Sitt eige




Brev til kongen: Ein supplik (klagebrev) frå 1632 retta til den kongelige kommisjonen som skulle undersøkje alle klagemåla som var reist mot futane.



Kongen: Fredrik III vart konge over Danmark-Noreg frå 1648. Fleire gonger tok han personleg imot Store-Rasmus i København og lytta til klagemåla hans. Til sist var det likevel kongen som sette sitt stempel under dommen mot Rasmus.



Jekt: Med jekta si var Store-Rasmus ustanseleg på sjøreiser nært og fjernt. Han hadde eit enormt kontaktnett og dreiv utstrakt handel i Bergen.



Bumerke: To sverd i kross med initialane R.E. var bumerket til Rasmus Engelbrektson Myklebust – eller Store-Rasmus.



MÅLERI: ÅGE WINSJANSEN

Store-Rasmus sine etterkommamarar



Etterkommamarar: I det 11. leddet etter Store-Rasmus spring etterkommamarane hans framleis rundt på dei same tuna på Haugen på Myklebust. Frå v. Marianne Haugen Pedersen, sønene Henrik Olai (6), Erlend (4) og Jonas (8). Bak står «besten»; Mathias Kjartan Haugen.

FOTO: SVEIN MAGNE HARNES

På dei same grasgangane som Store-Rasmus trødde på 1600-tallet spring no etterkommarane hans i 11. ledd. Er dei framleis skeptiske til futen?

– Ja, det er eg alltid blitt fortalt; at eg stammar frå Store-Rasmus i rett nedstigande linje, seier Mathias Kjartan Haugen. Han bur på garden Haug(-en) på Mykle-

bust, der Store-Rasmus slo seg ned for firehundre år sidan. Den gongen var det klyngetun og åttring-naust nede i stoa. I dag talar overgrodde steinmurar, skjulte tufter og gamle inskripsjonar sitt tause språk om ei dramatisk fortid:

Inne i gamlehuset peikar Mathias på ein inskripsjon i takbjelken: ANNO MDCLX

– (frå 1660): – Denne inskripsjonen er altså frå året før Store-Rasmus vart dømd til livstidsstraff på Akershus slott. Kanskje har han sjølv rissa den inn? Rart å tenkje på, seier Mathias, medan han finn fram ei ættetavle som viser alle namn i linja heilt tilbake til Store-Rasmus.

I dag er det ikkje landskuld og tollsatsar, men Nordøy-

vegen som er kampsaka for innbyggjarane her. Mathias kjenner seg som fullbods sunnmøring her på denne romsdalske utposten og er oppteken av at sambandet inn mot fastlandet no blir sikra: Kjem ikkje Nordøyvegen blir det vanskeleg for samfunnet her ute i framtida, seier Mathias Kjartan Haugen.

klagemål fekk han ikkje ein gong lese opp. Han vart arrestert og ført til Bergenhus festning, der han sat om lag eitt år. Men sonen; Unge-Rasmus, vende seg til kong Fredrik 3. og fekk han fri mot kausjon. Store-Rasmus kom heim att til Myklebust – og held med ein gong fram kampen mot futeveldet.

Opprør i det svenske Romsdal. I 1658 vart Trondhjems len, inklusive Romsdal futedøme, svensk område. Dette var resultatet av den stadige maktkivinga mellom Sverige og Danmark-Noreg, på eit bakteppe av europeisk

stormaktspolitikk. Lensherren i Trondheim og alle embetsmennene i Romsdal svor over natta truskap til den svenske kongen. Lojaliteten var større til sin stand enn til sitt land: – Eit landssvik utan sidestykke, seier Øystein Orten, som undrar seg over korleis makta slik kunne skifte ham: – Desse tiltrudde embetsmenne kunne altså så lett svike sine eigne og gje området over til ei framand makt. Kva slags fedrelandssinn var det? Men så var jo dei fleste embetsmennene heller ikkje norske.

Det første svenskane gjorde var å skrive ut unge bondesøner i Romsdal til å

kjempe som svenske soldatar i Livland og andre fjerne område. Svenske embetsmenn kom til området for å sikre og styrkje dei nye grensene.

Dette kunne ikkje patrioten Store-Rasmus sitje roleg å sjå på. Han sigla til Vestnes, der romsdalske rekruttar var innkalla til sesjon. Her agiterer han for at dei ikkje må følgje svenskane. Det hadde lenge ulma mellom allmugen i Romsdal og hatet mot futen Iver Bandtzbild var sterkt. No vart svenske dragonar (rytter-soldatar) sende til Romsdal for å hindre fullt opprør. Det koka mellom folk.

Store-Rasmus blir klaga for å oppmode dei til å slå i hel romsdalsfuten.

Høgt spel. Grensa mellom Sverige og Danmark-Noreg går no rett nordom garden til Store-Rasmus på Myklebust. Om Giskefuten kjem etter han, kan Rasmus rømme opp på Harøyburet og dermed vere i Sverige. Men der er han også fredlaus. Bondeopprøaren i hjartet av Møre spelar eit høgt spel.





Det svenske raidet i Noreg vara berre i eit par år. Storpolitiske endringar førte då til at Trondhjems len igjen vart ein del av Danmark-Noreg. Vips vart dei leiande embetsmennene igjen norske, og måtte på nytt sverje truskap. Hendingane fekk igjen konsekvensar for dei.

Dom. Men for Store-Rasmus var situasjonen ein annan. Dei mektige fiendane hans ville no bli kvitt han for godt. Han hadde trakka dei for hardt på tærne. Lensherren for Bergenhus, Ove Bjelke, torde ikkje føre sak mot han på Møre. Han var redd for støtta Rasmus fekk frå allmugen der. Så vart det ført ny sak for lagretten i Bergen og Rasmus vart dømd "i kongens nåde og unåde", som kunne innebære dødsstraff. Dommen vart anka og saka kom opp på nytt under herredagen i Christiania i 1661, der det vart avsagt endeleg dom:

«Conclusis: Efterdi det er Rasmus Engelbretsøn Møchelbustad lovligen overbevist at han sig groveligen forseet, i det han blandt annet ikke alene i mod kongl. forordning haver holdt sammøde af almuen, mens dennem endog til adskillig ufunderit klagemål og suplicationer imod hans kongl. Maj. rettighedsudgifuelse instigerit, og sig understått som en voldsmand fra dommeren af tingbordet breve og documenter at bortrive, da er for rett afsagt at Rasmus Engelbretsøn Møchelbustad bør på Agershus slot at straffes i jærn og arbeide hans lifstid.»

– Det var nok alderen som til slutt redda Store-Rasmus frå å bli eit hovud kortare, seier Orten. Rasmus kjende godt til bondeopprøraren Jo Jamt i Valldal, som i 1603 vart halshogd i Bergen, framfor augo på kong Christian 4. Fleire av frendane til Rasmus åtvara han om dette. Andre lokale støttespelarar feiga ut når dei vart sett under press frå futane. Men ikkje Rasmus. Han vart nærast inspirert av motstand

På Akershus. I fire år sat Store-Rasmus i lekkjer i fangeholet i kjellaren på Akershus slott.

I ei fangeliste for Akershus frå 1664 er han nemnt: «Rasmus Engebretsen Møchelbostad/Myklebost?/ fra Bergenshus len, dømt for høyestretten i 1661 til arbeid i jern på livstid. En gammel mann.»

– Det er vanskeleg i dag å seie kva slags person Store-Rasmus verkeleg var. Det finst ikkje noko bilde av han – eller nokon omtale av korleis han såg ut. Det finst kjelder på at han hadde temperament; at han slengde rettsdokument utover golvet framfor nasen på futen, at han trykte bordet oppunder buken på futen så han mest kjøvdest, at han hadde sterk overtalingsevne, at han forlet samtalar i harme. Vi veit at det knapt var eit bruk i området med større inntekter. Her var det ein mann som visste å gjere seg framfødd. Men det var overfor makta han var tøff. Framfor dei som trengde hjelpa hans kunne han vise praktisk omsut. Han hadde nok mange sider – her var nok samfunnsengasjement para med eigeninteresser. Men er dette



STOLTE: – Harøyingane har grunn til å vere stolte over bondehovdingen Store-Rasmus på Myklebust, meiner forfattaren Øystein teikna av ein lærer på Myklebust og utforma i Trondheim.

– Litt Robin Hood på norsk

– Eg måtte berre skrive denne fascinerande forteljinga om Store-Rasmus, seier forfattaren Øystein Orten. Det er litt Robin Hood på norsk grunn.

HARØYA: I eitt år gjorde han kjeldegranskingar og reiste for å samle opplysingar kring historia om Store-Rasmus. Deretter arbeidde han to år med å skrive romanen. Først med blyant – deretter på PC. Romanen har fått namnet «Rasmus Rebellen».

– Frå eg var liten har eg høyrte vandresegnene om Store-Rasmus; om korleis han rømde over Harøyburet til nytt fogderi når futen var etter han, korleis

han pressa bordet oppunder buken på futen så han mest kjøvdest, korleis han fekk med seg allmugen for å ta utbyttrane.

– Boka mi er ikkje faghistorie. Det er ein historisk roman, eit skjønnlitterært verk. Det inneber at 95 prosent av det eg skriv er fantasi – men slik tenkjer eg meg at det kunne ha gått føre seg, med støtte i kjeldene.

– Tøff mot makta. – Det er vanskeleg så lenge etterpå å konkludere på kva slags person Store-Rasmus verkeleg var. Korleis han såg ut, korleis han førde seg, kva som var drivkrafta hans. Det finst ikkje noko bilde av han – eller

nokon omtale av korleis han såg ut. Men det finst kjelder på at han hadde temperament; at han slengde rettsdokument utover golvet framfor nasen på dommaren, at han hadde evner til å få folk med seg, at han forlét samtalar i harme.

– Vi veit at det knapt var eit bruk i området med større inntekter enn hans. Her var det ein mann som visste å gjere seg framfødd. Men det var altså overfor makta han var tøff. I møte med dei som trengde hjelpa hans viste han praktisk omsut. Det ser vi særleg under naudsåra på 1630-talet, då mange oppsøkte Rasmus for å få hjelp. Han hadde nok mange sider – her var nok



Orten, her ved den 5,30 meter høge minnestøtta som vart reist i 1946. Støtta vart
FOTO: SVEIN MAGNE HARNES

Grenseland

1. oktober 1658
Det er snart natt over Romsdalskysten. Vinden kjem frå sørvest og jagar bårene inn mot skjer og holmar. Skyene kviler tunge over fjella i aust. Saltdropar blandar seg med regnet. Havet syng.
Ein færing nærmar seg Steinshamna. Ein gamal mann blir sett i land på nordsida av den odden folk kallar Harneset. Dei spisse taggane i berget har gitt staden namn. Mange har nausta sine her. Hamrane gir ly for vinden. Den gamle mannen er kledd i vadmålsfrakk og loshue. Støvlane har bremmar av geiteskinn. Ei taske heng rundt eine armen hans. Rorskaren hiv litt etter pusten medan han hamlar mot fjøresteinane. Turen over fjorden har vore hard. Den tunge baskesjøen har krympa på kreftene. Det renn framleis frå panna hans. Den breie hatten verkar gjennomvåt av regn, sveitte og sjøsprøyt. Rorskaren tek imot betalinga utan å seie noko. Ein riksdalar og ein nederlandsk gylden. Passasjeren plantar myntane djupt inn i den grove neven hans. Her. Dette er dine. Du skal ha stor takk. Men ingen ord blir sagt. Ingen smil. Ingen nikk.

Så skyv rorskaren frå og tek nokre saftige tak med årane. Merkar fort at bora er betre no. Medvinden løftar han innetter. Det dystre andletet hans blir meir og meir usynleg. Snart blir båten berre ein svart flekk i sjøen. Alt glir inn i det våte mørket.
Mannen med loshua ventar i fjøra heilt til lyden frå åretaka forsvinn i skvulpinga frå bårene. Så slengjer han taska over skuldra og går opp til det største naustet. Her kviler han ryggen mot leveggen ei lita stund medan han stirer intenst innover fjorden. Fyrst gløser han nordover. Så meir austover. Men han får ikkje skimt i liv. Jekta er heilt borte no. Ikkje ein skugge å sjå. Augene hans vassflyg. Dei blenkjer som om han græt. Det er all denne kikinga. Dei opne augene mot vør og vind. Han tørkar dei med ermet på frakken. Stirer nordover igjen. Og så aust. Men nei. Forfylgjarane er borte. Heller ikkje skysskaren ser han lenger. Færingen har drukna i den seine haustkvelden. Så myser han mot himmelen. Ser at månen trugar med å bryte gjennom. Han gløttar allereie fram i små blenk der oppe mellom skyene. Det er dårleg nytt.
Den gamle mannen trekkjer hua godt nedover hovudet før han byrjar å gå. Krøkjer seg ørlite framover sidan vinden står imot han. Tek fyrst råsa langs stranda. Den lengste vegen. Den mest aude. Det er lange og bestemte steg. Etter ei lita stund snur han seg att. Mot nord. Mot aust. Nei, ingen teikn til jekt eller mannskap.

Ti minutt går. Femten. Han traskar trottig på. Den gamle mannen er breiaksla og tettvaksen. Det er tydeleg at dette ein gong må ha vore ein røsleg kar. Men kroppen kjempar med å fylle den store frakken no. Mykje av den gamle krafta manglar.
Då han nærmar seg den fyrste husklynga, blir rørslene med eitt litt mjukare, nesten tjuvaktige. Han saktar farten. Veit at stovene står uvanleg tett i dette tunet. Og her er minst tre hundar. Han ventar ei lita stund bak ein stor stein. Pustar djupt. Tørkar sveitten. Kikar innover att. Ser at Otrøya skyt ryggen mot himmelen som ein svart katt. Og at fastlandet allereie har fått snø på dei høgste fjelltoppane. Dei spisse tindane er som tennene på eit rovdyr. Dei tilhøyrrer den nordlegaste luten i Hans Maje - stets og Kongen av Guds vilje Fredrik IIIs len til Herren av Bergenhus, Sunnmøre.

(Utdrag frå romanen Rasmus Rebellen av Øystein Orten. Boka vart anmeldt i Romsdals Budstikke, tirsdag 8. oktober. Vår anmeldar, Jostein Sæbø, ga boka terningkast 5)

samfunnsengasjement para med eigeninteresser. Men er dette eigentleg så sjeldsynt, også i dag, spør Øystein Orten.

Nordvestlendingen. – Forteljinga om Store-Rasmus er også forteljinga om den nordvestlandske bonden. Han som har mykje mot, kraft og energi og som har «guts» til å utfordre makta. Det er også ei forteljing om ei brutal tid. Lite humanitet. Ordet jentefut har fått ein dystrare klang for meg etter å ha sett meg inn i denne tida. Det same med ordet rákkar.
– Mange harøyingar og folk i området ikring kan opplagt føre røtene sine attende til Store-Rasmus. Han hadde to

born, som begge hadde mange etterkomarar. Dette er berre 11 generasjonar sidan, så det kan etterprøvast. Far min, som vaks opp på Orten, fortalde om mi slektslinje tilbake til Rasmus – og slik er det nok for mange.
Øystein Orten skriv på klingande nynorsk og gir ut romanen på Det Norske Samlaget. Omslag og kartarbeid er gjort av Øystein Vidnes. Orten har tidlegare fått kunstnarstipend, statsstipend og i 2011 fylkeskommunen sitt kulturstipend for å arbeide med boka.

| hovedsaka |

Svein Magne Harnes
er journalist og skribent. Han har skrevet denne artikkelen på oppdrag for Romsdals Budstikke

